

Eksamenssett

2NO35-3 og 2NOL51-31 Språk og samfunn (årsstudium i norsk og lektor m/norsk) – 15 stp

Generell informasjon:

Tid og stad: 08.05.2023, 6 timar (kl. 09.00-15.00), Inspera, fysisk på studiestaden (Hamar)

Målform: nynorsk (med mindre ein har søkt om fritak)

Hjelpemiddel: ordliste utan egne notat (ordlista kan bli kontrollert av eksamensvaktene)

Dette eksamenssettet består av tre sider.

Side 1: informasjon og oppgåveforformuleringar. Sidene 2 og 3: tekstdøme til oppgåve 2.

Informasjon om oppgåvene:

Svar på begge oppgåvene.

Begge oppgåvene skal skrivast på nynorsk (med mindre ein har søkt om fritak).

Begge oppgåvene må vere bestått for at eksamen skal vere bestått. Den språklege framstillinga (blant anna rettskrivinga) er ein del av det heilskaplege vurderingsgrunnlaget og må i seg sjølv kunne vurderast som tilfredsstillande, uavhengig av det faglege innhaldet, for at eksamen skal vere bestått.

Oppgåvene er vekta likt, og ein har cirka tre timar per oppgåve.

Oppgaver:

OPPGÅVE 1: Sosiolingvistikk

Er det interessant, frå eit sosiolingvistisk perspektiv, å forske på skriftspråkleg variasjon i Noreg? Drøft problemstillinga. Du kan velje å legge særleg vekt på artikkelen «Digital skrijving under den sosiolingvistiske lupen: Har det skjedd en språklig revolusjon?» (2021) av Stian Hårstad, eller du kan drøfte problemstillinga meir generelt.

OPPGÅVE 2: Språkhistorie og språkleg variasjon

Alle tekstdøma nedanfor (på side 2 og 3) er tekne frå ulike tekstar du har jobba med i samband med delemna andrespråksdidaktikk, språkhistorie, målførekunnskap og nabospråk. Kommenter språktrekk som lydar, bøyingar, bokstavar, rettskriving og eventuelt andre relevante trekk i minst tolv (12) av tekstdøma (gjerne fleire eller alle), og argumenter for korfor du meiner at dette kan sannsynleggjere at kvart av desse tekstdøma er frå eit visst geografisk område i Norden, ein viss tidsepoke i nordisk språkhistorie eller eventuelt ein bestemt person eller instans. Bruk moderne norsk og dei norske skriftspråka bokmål og nynorsk som referanseramme når du kommenterer tekstdøma.

(Tekstdøma står nedanfor på side 2 og 3.)

Tekstdøme til oppgåve 2 (side 2 og 3):

1. Då heRRedstyRe sko bestemma koR jæRnbanestasjonen sko ligga, så tytte fleiRtalet atta Hågnest måtte væRa beste plassen [...] Me he blant aent nogen svaRte svane så me æ gRævlikt stålte øve. Å då den fysste maen te den svaRta dRåanningå va døe, så måtte me Rett å slett henta enn nye enn ifRå udlanne. Nå vente me adle på atta di ska væRta fleRRe.
2. Der er to mænd i verden, der bestandig krydser min vej, den ene er ham jeg elsker, den anden elsker mig.
3. Þorsteinn bjó at Borg í Borgarfirði; hann var auðigr at fé ok hofðingi mikill, vitr maðr ok hógværr ok hófsmaðr um alla hluti.
4. Då e bei spořt om e kunjnj lag en tækst på min dialækt, fækk e ærji tarř litt panikk. [...] řŁsakt, så e dialæktn næstn lik i heimbygda mi å i denjnj byen, mæn e kan hu:s at det va spesielt ett or sãm e mått lægg om før leksom å bi godtatt, å itkje måbba. De va første pærřon a di pærřonli pronomen: De sku leksom vær så my finar å sei æ i stede før e, å dette æ e faktisk et or e ha vanskeli å kvitjtj me me.
5. Tað var um ein halgan dag, man meg rætt um minna: bóndin fór á skógvin burt epli og aldin at finna. Vinturin líður, summarið kemur, jørðin gerst so blíða, grør so fagurt aldin undir líða.
6. Anno domini ... den 22 daug julij paa Hammers gaard, vaare thillstæde hoes Christen Munck samme tid aff Hammers capittel hr. Trugels cantor, en mand ved hundrede aar, mester Torbiörn aff Todten, mester Amund Ellingsen aff Hadeland, her Baard Rolffsen aff Stange med flære geistlige mend.
7. Och nu så vill jag sjunga att sommaren är skön, och träden är så fina och marken är så grön, och blommorna är vackra och höet luktar gott och solen är så solig och vattnet är så vått, och lilla fågeln flyger i boet ut och in, och därför vill jag sjunga att sommaren är min.
8. Før i tin řlakta dei heime på galò alt som trøngdest: søui å jeita, kæLva å grisi – men helst ikkji større dyr. Dreftekaratn tøkò me sé dei natuskrytyre som skulde seljast, å kanři hesta me, når rei drògò ùtåver sist på sommaré. Heime já ùss var-re han gòfa som slakta. Han far kvidde sé før řlikt. Han likte ikkji å drepa eit dyr. [...] Då så dyre va avliva, fekk é stå å halde i føtò me han gòfa flådde å lemman-sunt.
9. En þá er norrænir menn settust hér að, flýðu hinir vestrænu galdursmenn landið, og telja fornrit að Kólumkilli hafi í hefndarskyni lagt á tjóð þá hina nýu að hún skyldi í þessu landi aldrei þrífast, og fleira í þeim anda, sem síðar hefur mjög þótt ganga eftir.
10. Det sprog jeg skriver, er nu bannlyst fra skolen, og om tredve år er det glemt. Da er det et dødt sprog, og jeg er klassiker, det vil si, man må være skolelærd, skriftlærd, for å kunne lese mig, og hvis et ungt menneske da får en bok av mig i hånden, vil han si: Tenk så rart de skrev den gangen. [...] Overalt, hvor man kunde påvise, at ord som faller oss naturlig i

skrift og tale, var av fremmed oprindelse, blev de forbudt og erstattet med papirgloser, som komitéen satt og fant på – gloser som ikke noe levende menneske fører i sin munn. Hvis han ikke da er en ulidelig affektant.

11. HariwaldaR, StainawarjaR, gastir, bókiR, krókóR, walluR, bernuR, helpan, hertan
12. Du væt at æ tykkje at ta her e denj finast pLassn på jorŋ. [...] De bLi veL mæst joLbruk á ĩndustri, de. GaLanj e-kje så stor, så de e man så driv syn attåt. [...] De e ferræsten æn fin pLass á færier når de de e soLşænn á finver, mæn de e-kje te á kamma-ferbi at de e mykjky stókt ver. Æ kanj ferræsten ikkje hús-på at de rægna á bLas så mykjky fær. -Mæn de e mang så ikkje vilj lævva når anjnjerştass.
13. Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt af vore Dialekter; nei, ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle.
14. Idhir min aldrakæraste herra, helsar jak Margareta jinnerligha med gudh, kungør iak ider at jak ma væll gud late mik thet sama till ider spørja, vita skulin j thet min kære herra, at jak ok mine thianara liidhum stora nøødh, vm mat oc dryk, swa at hwargæ iak ælla the fangom vara nøødthorfft.
15. Lille ko, lille ko; lille söte koa; de va ho, de va ho; ho som sket på broa.
16. Ænj dag mitt i vikun, mitt i haLe øinjn sat n'OLA á spehlte korş da n'Pær kãm innum. N'Pær va nokså hissåg tå sé, á da-n såg n'Ola sikja dær, varş-n harm. [...] «Næi, nå vil é şlutte á jæra någå hæime, é mæ, nå, á fLuge burşte frå galé á arbæie şlik sãm summe andre jere,» sa n'Pær.
17. Ollom monnom them ssom thette breff ssee heller høre sender Olaff Æivindsson och Taralde Aslesson logrettes men aa Æikium q. g. och ssine.
18. Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.
19. APE ALLE Ta PÅ Klær – Opp er ape å ser på en dame og en jente – ape ser på alle mennesker å han vil alle – ta på klær han alle ser etterpå han jobber – på ta klær først ta på en mann til hatten en dame se på mann ved ikke på hatten – og dame overasket etterpå kommer til – en gutt og jente sitte på bar å drikker – brus å ape kommer har å ta på briller
20. Vika e et frafløtta feskevær, å æ e så heldig at æ har ei hytta dær. [...] En fredag va være så stykt at ingen åşka å fære tel byen førr å hanjle. Å han Ludvik jikk dær å sikla ætte øll. Nåkka sånt fanjtes jo ikke i Vika.

(Eksamenssettet sluttar her.)